

Til Alver kommune

## **Uttale til høyring på planprogrammet for barnehage- og skulebruksplan**

Utdanningsforbundet Alver synst at utkastet til planprogram ser godt og gjennomarbeidd ut. Vi synst det blir lagt opp til ein tilfredsstillande grad av medverknad, og at tidsplanen verkar realistisk. Vi har likevel nokre få kommentarar og innspel:

- Prosjektgruppa bør bestå av folk som i kraft av si rolle har eit heilskapleg ansvar innan sektoren/tenesteområda, og som såleis ikkje kan seiast å ha særinteresse inn mot òei avdeling. Vi foreslår difor at «representant for tilsette barnehage og skule» blir byta ut med HVO oppvekst. Vi meiner at det må vere to HTV med i prosjektgruppa.
- Fleire HTV enn den/dei som er med i prosjektgruppa bør få høve til medverknad undervegs, gjennom deltaking i referansegruppe.
- I framdriftsplanen må det takast med tidspunkt for formell drøfting med dei tilsette sine organisasjonar, alle organisasjonane, i forkant av kvart av dei formelle politiske vedtakspunkta.

På vegne av Utdanningsforbundet Alver:

Jarle Næss, hovudtillitsvald